



## Notat

Dato: 08.02.2016  
Arkivsak: 2014/10030-79  
Saksbehandlar: oddber3

---

<b>Til:</b>	Dei skulane det måtte vedkomme
<b>Frå:</b>	Fylkesdirektør Opplæring

---

### Plan for arbeidet med KDA og Nye MK våren 2016

Opplæringsavdelinga har starta arbeidet med å gjennomføre vedtaket frå Fylkestinget om plassering og dimensjonering av utdanningsprogramma KDA og MK. Arbeidet omfattar også utfasing av opplæringstilboda etter no gjeldande læreplanar og innfasing av nye. Medan vi ventar på dei endeleg godkjende læreplanane, vert det arbeidd med ein del problemstillingar og planlegging av korleis nye planar kan implementerast.

- Ei viktig problemstilling er kven/kva instans som skal definere **kompetansebehov** etter nye læreplanar og kva krav som skal / kan setjast til kompetanse for å undervise i fag på vg1, vg2 og vg3. Det er nødvendig med avklaring med tanke på endringar på kort og lang sikt. Det må takast omsyn til innfasing av ny læreplan og utfasing av dei tilboda som går etter no gjeldande læreplan. Behovet for kompetanse vil endre seg, og det vil vere ulikt i ulike faser med ulike **personalmessige konsekvensar**. Det må konkretiserast kva endringar nye læreplanar vil innebære, slik at det kjem tydeleg fram kva som er rammene for planlegging og tilrettelegging for skulane og for personalarbeidet. Det er viktig å **kvalitetssikre** kva det er behov for, og for MK spesielt treng ein også gjennomgang av kva **utstyr** som krevst.
- I arbeidet med avklaringar av kompetansespørsmåla vil vi byggje på **føringar frå nasjonalt nivå**, og samtundes trekke inn **fagmiljø som FAU og andre fagpersoner som ressursar gjennom ein strukturert prosess**.

- Det vert oppretta **arbeidsgrupper** for kvart av utdanningsprogramma MK og KDA. Mandatet til arbeidsgruppa vil vere å kome med **tilråding** om kva kompetansebehov og –krav ein ser ut frå nye læreplanar. Tilrådinga bør vise **objektive kriterier** med grunngjeving ut frå læreplanane. Gruppene skal **ikkje** vurdere personalmessige spørsmål/ kven som har kompetanse.
- **Samansetting av arbeidsgruppe:** Guro Kjellerød (Opplæringsavdelinga), Brita Bøyum (Økonomi- og organisasjonsavdelinga/HR), Sigrid Sve Låstad (Hovudtillitsvald omstilling), ein representant frå seksjon skule, ein til to frå FAU, ein skuleleiar/avdelingsleiar, ein regionleiar (Hillevi Runshaug deltek i MK, Annbjørg Laupsa deltek i KDA). Eksterne ressurspersonar kan brukast i arbeidsgruppe og på felles samling. Arbeidsgruppa konstituerer seg på det første møtet. **Referat** frå arbeidsgruppene vert tilgjengeleg for skulane på ITSL.
- Implementering av nye læreplanar og oppfølging gjennom kompetanseutvikling på sikt ligg til opplæringsavdelinga, seksjon skule, og FAU. Det vert planlagt ei **samling** for kvart av utdanningsprogramma MK og KDA, truleg i april, for å samle fagmiljøa og sikre at alle får felles informasjon om endringar og om prosessen i HFK.
- Andre problemstillingar handlar om kva programfag / valfrie fag dei enkelte skulane skal kunne tilby. Skal det vere opp til den enkelte skule å utvikle sin **profil** ut frå skulen sin spisskompetanse eller skal det avgjerast på fylkesnivå? Kva konsekvenser vil den eine eller andre strategien ha? Det vil kunne oppstå uheldige situasjonar dersom offentlege skular framstår som konkurrentar i forhold til andre offentlege skular. Samstundes er det viktig å **ivareta fagmiljø** og grad av lokal fridom.
- Det er viktig snarast å få fram dei konsekvensane omlegginga kan innebere for **personalsituasjonen**. Omstillingsarbeidet vil ha ulik karakter ved skular som faser ut det aktuelle utdanningsprogrammet og dei skulane som skal etablere og fase inn eit utdanningsprogram. Opplæringsavdelinga vil ha behov for å innhente **spesifikk oversikt over situasjonen ved den enkelte skule**. Rektorane vert bedne om å bidra med oversikt over kompetanse, kva programfag skulen kan tilby,

kva skulen har spisskompetanse på og fag som eventuelt kan profilere skulen. Media City si rolle og avtalar for skulane med MK må også avklarast.

- Opplæringsavdelinga tek sikte på at **arbeidsgruppene for KDA og MK** vert kalla inn til **det første møtet 16. februar**. Målsettinga er at problemstillingar, rammer/kompetansebehov og eventuelle endra kompetansekrav skal vere avklart så tidleg som mogleg i høve til personalplanlegging for det komande skuleåret. Sjølv om skulane i ulik grad og på ulik måte er omfatta av endringane, vert det lagt opp til ein felles tidsplan for skulane. God samhandling med tillitsvalde er også særleg viktig i samband med omstillingar.